

Noregs vssdrags- og energidirektorat (NVE)
Boks 5091 Majorstua
0301 OSLO

UTTALE FRÅ NATURVERNFORBUNDET TIL MELDING FOR STEINSHAMN VINDPARK

Naturvernforbundet krev at følgjande spørsmål må konsekvensutgreiast:

A. Behov for plan og vurdering i eit større område enn det som er direkte omsøkt

1. Vårt primære ønskje er at det blir laga eit oversyn over areal i heile fylket som kan vere aktuelle i vindkraftsamanheng og ei sortering av desse areala i meir og mindre konfliktfullt kategori.

Under alle omstende er det no fleire vindkraftverk under prosjektering. Ei form for samla vurdering av vindkraftutbygging må kome på plass. Det må utgreiast om det er tilstrekkelege areal att for andre formål.

2. Havdjupe på 4-20 m er ein avgrensa ressurs i fylket. Det må difor utgreiast nøye kva konsekvensar tiltaket får for desse områda som er planlagt brukt, og kva det vil føre til i forvaltninga av dei som blir att.

3. Kraftproduksjon som er varierende skaper eit spesielt problem når forbruket i området er høgare enn garantert minsteproduksjon.

Når forbruket ikkje aukar, men den variable produksjonen aukar, kan situasjonen bli betra. Viss forbruket framleis aukar, vil gapet mellom garantert minsteproduksjon og forbruk auke ytterlegare.

Med vindkraftutbygging vil vi kunne bli meir sårbare. Dette må utgreiast nærare. Mellom anna må det utgreiast om motstykket til auka vindkraftproduksjon vil bli fleire store kraftliner mellom Møre og Romsdal og omliggande regionar som følgje av dette.

B. Spørsmål knytt til utbyggingsområdet

1. Naturvernforbundet sine opplysningar tilseier at fuglelivet også i dette området vil bli eit av dei store spørsmåla knytt til denne planen. Det er viktig at undersøkingar blir gjort gjennom minst eit heilt år, for å fange opp årstidsvariasjonar.

Påverknaden på ein del artar andre stader kan ha som konsekvens at det må takast ytterlegare omsyn til artar i omsøkte område. (T.d. vindparken på Smøla og havørnbestanden). Dette må konsekvensutgreiast.

2. Flammetårna var eit vesentleg problem for fugl på veg over Nordsjøen. Vil lyssetting av vindmøllene kunne skape problem for fugl (og andre)?
3. Naturvernforbundet trur at vindmøller til havs kan føre til vibrasjonar i havbotnen. Verknaden på havlevande organismar av slike vibrasjonar må utgreiast.
4. Det må undersøkjast om det er kaldtvasskorallar i området, og kva verknad tiltaket kan ha på desse, både ved installasjon og drift.
5. Kartlegging av yngelområde særleg for fisk og hummar er viktig å få kartlagd.
6. Både tilhøva for tarevekst og taretråling må konsekvensutgreiast. Viss tiltaket fører til freding for taretråling, må det utgreiast om det vil føre til auka trykk på taretråling andre stader.
7. Montering og drift av vindmøller tilseier at det blir handtering av olje (Smøreolje, trafoolje). Konsekvensane av utslepp av slike oljer og eventuelt andre kjemikaliar frå konstruksjonar, drift og vedlikehald, sjølv i små mengde, må utgreiast. Vil det vere stoff i betong og andre delar av møllene som lekk ut i sjøen over tid?
8. Ved bruk av kranskip vil det etter Naturvernforbundet sine opplysningar vere naudsynt å planere også område utanfor fundamentet for sjølve vindmøllene. Storleiken og verknaden av dette må utgreiast.
9. Det må utgreiast nærare om tilhøve kring ilandføring av sjøkablar.
10. Flora og fauna langs landtrasear må undersøkast.
11. Når vind blir gjort om til kraft må det tyde at ein del av energien blir fjerna frå vinden. Kva verknad får det for områda rundt at vinden har mindre energi?
12. Med vindmøller på slike areal blir det endå meir viktig at det ikkje blir ytterlegare forstyrring av synsbiletet med kraftliner. Samtlege kraftliner knytt til dette prosjektet må difor utgreiast som kabelanlegg.
13. Den dagen vindmøllene ikkje skal produsere meir er dei å rekne som avfall. Prosessen med tilbakeføring til dei naturgitte tilhøva i så stor grad det er mogleg må utgreiast både med omsyn til grad og dei økonomiske tilhøva rundt dette.

Vi vil avslutningsvis peike på at ordninga med at vi sjølve måtte laste ned dokument i denne saka var lite tilfredsstillande. Det krev at dei som skal vere med i prosessen har både datareiskap og kunnskap om bruken av det utover det samfunnet kan forvente at friviljuge dugnadsarbeidarar er i stand til å stille til disposisjon for utbyggingsinteressene. Denne typen saker er så store og uoversiktlege for den vanlege samfunnsborgar at det lovverket seier om lokal medverknad ikkje må vanskeleggjerast ytterlegare på denne måten.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

